

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Dato	10.02.2025
Vår referanse	2024/7859-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Guri Finne Sognnæs
E-post	Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no
Telefon	91576451

Gjeld søknad om dispensasjon - rehabilitering av dam - gnr. 104 bnr. 1 mfl. - Kvinnherad kommune

Viser til brev motteke 04.02.2025. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNFR i Kvinnherad sin kommuneplan. Det vert søkt om mellombels og permanent dispensasjon frå kommuneplanen sitt arealføremål for tiltak i samband med rehabilitering av damanlegg ved Staffivatn.

Det er Kvinnherad kommune som skal ta i mot søknadar etter plan- og bygningslova. Vestland fylkeskommune, i vårt tilfelle ved avdeling for infrastruktur og veg, får høve til å uttale oss dersom tiltaket påverkar fylkesvegen.

I samband med kommunen si handsaming av saka ynskjer me å vite kva tilkomst frå fv. 5024 som vil bli nytta under anleggsarbeidet. Ut i frå kartet er det ulike private vegar med avkøyring frå fylkesvegen som gjev tilkomst til anlegget. Med auka og/eller endra bruk av desse avkøyrslene må de søke om løyve hjå Vestland fylkes kommune <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/avkoyrselsloyve/>. Dette er ein søknad etter veglova som de evt. sender etter at saka er blitt handsama hjå Kvinnherad kommune.

Med helsing

Eva Sundal for
Ann Kristin Nes
seksjonsleiar
INV - Vegforvaltning VestlandGuri Finne Sognnæs
Senioringeniør
INV - Vegforvaltning Vestland*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL